

Notat

Til: Hovudutval for opplæring
Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 - bestilling til hovudutvala

Fylkestinget vedtok i sak 55/13 Budsjett 2014/økonomiplan 2014-17.

I budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017, kapittel 2 Budsjettprofil, heiter det m.a.:

«På sikt må organisasjonen bu seg på at dagens driftsnivå må reduserast. Det må setjast i gang eit målretta arbeid for å sikre at fylkeskommunen til ei kvar tid har fokus på dei viktigaste oppgåvene innafor ei venta søkkande inntektsramme.

Ein vesentleg del av hovudutvala sitt bidrag til/legitimitet i budsjettarbeidet ligg i å gje finansutvalet eit godt avgjerdsgrunnlag gjennom å prioritere eigen sektoraktivitetar innbyrdes. I løpet av våren 2014 skal hovudutval gå gjennom sektoren sine aktivitetar og rangere desse (altså ei rekkefølgetenking, ikkje rammetenking som i dag). Dette skal danne grunnlaget for dei grep det må takast stilling til i komande planperiode.»

I arbeidsdokument 1/14 til finansutvalet (tidlegare utsendt til fylkestinget) bad fylkesrådmannen finansutvalet konkretisere bestillinga til hovudutvala, og ta stilling til kva føringar som bør leggest til grunn for dette arbeidet.

I arbeidsdokumentet kom fylkesrådmannen med følgjande tilråding:

«Finansutvalet gjev hovudutvala i oppgåve å fremje ei innbyrdes prioritering mellom dagens aktivitetar på eigen sektor.

Hovudutvala står fritt til å fastsette prosess og angrepsvinkel. Følgjande generelle føresetnader skal leggest til grunn;

Plattform for prioriteringsarbeidet: Tenestenivået i kontoplanen.

«Output»: Klår prioriteringsrekkefølge på område/aktivitetar innafor sektoren.

Tidshorisont: økonomiplanperioden (1-4 år).

Bindingar: skal vurderast, og sjølvpålagde bindingar skal ikkje leggest vekt på i prioriteringane.

Lovpålagde oppgåver: må ta omsyn til strukturkostnader om ein nyttar dette som prioriteringskriterium.

Fylkeskostra: bør nyttast som illustrasjon på ressursbruk i høve andre fylkeskommunar på hovudaktivitetar innan kvar sektor (referanse AGENDA-rapporten 2010). Det skal nyttast R- 2013-data.

Blanda finansiering: «utløysing» av statlege midlar som prioriteringskriterium skal vurderast eksplisitt.

Tidsfrist: Endeleg prioriteringsvedtak i hovudutvala seinast 17. juni.

Fylkesdirektørane får ansvar for å utarbeide naudsynt grunnlagsmateriale for hovudutvala sitt prioriteringsarbeid.»

Finansutvalet slutta seg til tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Fylkesdirektøren vil leggje fram sak for hovudutvalet på møtet i mars med ei skisse til prosess og angrepsvinkel for å løyse oppdraget frå finansutvalet.